



Jnr. 1083.15

GJG/rr

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### UTTALE MOGELEGHEITSBILETE FOR FYLKESVEGAR KNYTT TIL E39

Samarbeidsrådet for Sunnhordland handsama i møte 11. juni mogelegheitsbilete for fylkesvegar knytt til E39 og har følgjande merknadar:

Samarbeidsrådet er svært positive til arbeidet som er gjort gjennom Moglegheitsstudien.

For Sunnhordland er det nokre moment som er særst viktige:

- Kvinnherad må knyttast opp mot E39 gjennom ei løysing som er tenleg for Kvinnherad.
- Uavhengig av val av trase over Langenuen, må påkoplingskryssa på Stord leggast så langt nord som mogleg for å korta reisetida frå Fitjar.
- Uavhengig av val av trase over Langenuen må fylkesvegnetter over Tysnes utbetrast slik at det gjev god tilkomst til påkoplingspunkt til E39.
- Alle tilkomstvegar til E39 må i Regional Transportplan klassifiserast som overordna.
- Samband om Ølensvåg frå E134 til E39 med bru over Ålfjorden vil korta ned reisetida frå Etne mot Bergen/ Leirvik med om lag 35 minutt. Dette vil ha ei svært positiv innverknad for blant anna transport av laks frå Sunnhordland.
- Ved Traseval over Tysnes må det takast hensyn til påkoplingspunkt med bru frå Austevoll.

Sunnhordland, 15. juni 2015

  
Gro Jøhansen Gjerde  
dagleg leiar